



VINDAFJORD KOMMUNE


SANDEID BARNEHAGE

Kjekke dagar



Årsplan

2024/2025



KONTAKT OSS:

Einingsleiar: Inger Kathrine Sundve tlf: 53 65 58 00/975 74 954

Inger.Kathrine.Sundve@vindafjord.kommune.no

Avdelingsleiar barnehage: Aina Apeland tlf 913 33 225

Aina.apeland@vindafjord.kommune.no

KONTAKT AVDELINGANE

Ravna fjell	905 57 826
Lysenuten	947 83 971
Øktaren	488 91 820
Hovda	970 66 952

FORORD

Sandeid barnehage er ein fire avdelings barnehage med born i alderen 0 – 6 år. Lysenuten (0-3 år), Ravna fjell (0 – 3 år), Øktaren (3 – 6 år) og Hovda (3 – 6 år). Sandeid barnehage ligg tett til Sandeid skule. Nærmiljøet blir brukt mykje til å gå tur i. Barnehagen ligg sentralt i bygda, så me har kort veg til både sjø, natur, butikk og fotballbane.


Frå hausten 2023 vart Sandeid barnehage og Sandeid skule, slått saman til eit oppvekstsenter. Frå hausten 2024 har Sandeid oppvekstsenter og Imsland oppvekstsenter felles einingsleiar.

BARNEHAGEN SIN VISJON: KJEKKE DAGAR

Me ønskjer at borna skal oppleve vaksne som møter barnas behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrslø og annerkjennelse. Me ynskjer at alle handlingar og avgjerelser som blir tatt av de vaksne, skal ha barnet sitt beste som grunnleggjande hensyn. Dei ansatte har fokus på at alle barn skal oppleve eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehagen

INFORMASJON

Opningtida i barnehagen er frå 06.45 – 16.30. Alle born skal ha 4 veker ferie iløpet av eit barnehageår. Tre veker på sommaren i perioden 15. juni til 15. august. Barnehagen skal ha melding om kva tid barnet skal ha sommerferie innan 1. mai. Den siste ferieveka kan takast



når som helst i barnehageåret, og kan etter ynskje delast opp. Barnehagen skal ha beskjed om desse feriedagane 14 dagar før den skal takast. (gjeld ikkje sommarferien, den skal gis beskjed om innan 1. mai). Helligdagar og sjukefråvær reknast ikkje som ferie. Dette kan dykk lese meir om i vedtektene som ligg på Vindafjord kommune sine nettsider. Om det er barnet sitt siste år i barnehagen, skal all ferie takast innan 15. august.

Årsplanen:

Årsplanen er barnehagens overordna pedagogiske dokument. Den byggjer på « lov om barnehager» og «rammeplanen», det er dei to dokumenta som utgjer barnehagens samfunnsmandat. Rammeplanen gir og retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåver.

Årsplanen er

- Eit arbeidsreiskap for personalet
- Informasjonsdokument til dykk foreldre og andre ulike samarbeidspartnarar som kommunen, PP – tenesta, barnevern, framtidige brukerar og liknande
- Årsplanen dokumentere det pedagogiske arbeidet i barnehagen og skal legge grunnlaget for utvikling og kvalitetssikring av barnehagen
- Det er styret i barnehagen som fastsetter barnehagen sin årsplan.

Barnehagens innhald er basert på eit heilhetleg læringssyn, kor omsorg og leik, læring og danning står saman i ein heilhet.

SATSINGSOMRÅDE;

BARNEHAGEBASERT KOMPETANSEUTVIKLING:


Barnehagebasert kompetanseutvikling skal auke kompetansen til heile personalet i barnehagen. Barnehagen skal gjennom kartlegging og samarbeid finne ut kva behovet er i sin barnehage. Sandeid barnehage har i fleire år jobba med barnehagen sitt verdigrunnlag, med fokus på voksenrolla. Dette året skal barnehagen ha fokus på korleis personalet kan støtta og rettleie borna sånn at alle kan delta i leik, samspel og kvardagsaktiviteter. I dette arbeidet skal personalet ha fokus på å dele barna i mindre grupper, deltakande vaksne i leiken, vaksne som observere leiken og veileder og hjelper barna ved behov og har fokus på at alle barna kan delta i ulike leik og aktivitetar i barnehagen.

REGIONAL KOMPETANSEUTVIKLING

Barnehagen er med på regional kompetanseutvikling, som vert driven av Høgskulen på Vestlandet. Hvl bidrar med kompetanseutvikling og fagelg påfyll.

VERA SAMAN

Me har teke del i prosjektet «vera saman». Det er eit felles kompetansehevingstiltak som alle dei kommunale barnehagane er med på. «Vera saman» har blant anna fokus på



autoritativ voksenrolle, medverkande born, utvikling av empati og sosial kompetanse. Det er implementering av grunnleggande haldningar og verdier i barnehagen. Gjennom teori, kollegarettleing og ein omfattande materialpakke gjer «vera saman» barnehagen til ein god arena for barnets vekst og modning. Gjennom implementering er me nå blitt ein «løvebarnehage», som arbeider vidare etter «vera saman» prinsippet, med blant anna rettlegeing av nyttilsette.


<http://www.haugalandsloftet.no/prosjekter/vaere-sammen-prosjekt-for-barnehager-i-haugalandsloftet/>

Vindafjord kommune er og ein BTI kommune. BTI står for betre tverrfagleg innsats. BTI modellen er ein samhandlingsmodell som beskriv den samanhengande innsatsen i og mellom tenestar retta mot gravide, barn, unge og familiar som det er knytt ei bekymring til. BTI – modellen skal bidra til tidleg innsats, samordna tenestar og foreldreinnvolvering.

Dette kan de lese meir om på Vindafjord kommune sine nettsider.

SPRÅK

Ulike former for språk og kommunikasjon blir nytta i leik og samtalar, mellom borna mellom born og vaksne, der språket blir nytta som verktøy. Gjennom leik, song, eventyr, høgtlesing, regler, rim og samtalar skal barnehagen vera ein arena for utvikling av eit godt språk, som verktøy i kommunikasjon.






AKTIVITET	MÅL
Frileik I barnehagen vert sett av tid kvar dag til frileiken. Borna tek sjølv initiativ til desse aktivitetane. Det meste av materiellet skal vera tilgjengelig. Dei vaksne skal vera tilstades, gi impulsar og delta aktivt på barnas premisser. Dei kan òg ha ei observerande rolle.	Frileiken er viktig for bornas utvikling på alle plan. Leiken er eit mål i seg sjølv, den er borna si viktigaste uttrykksform. Her kan dei gi uttrykk for sin naturlege spontanitet, fantasi, forskartrøng og skapartrøng. Dei utviklar evna til sosial handling. Dei lærer masse om samarbeid og turtaking. Dei får elles kunnskap om reglar og om det å ta initiativ. Frileiken utviklar språket og borna lærer konfliktløysing. Gjennom leken utforsker de miljøet rundt seg, og bearbeider inntrykk og opplevelser. Det er en utfordring for oss voksne å kunne møte barnet og få innsikt i barnas tanker og fantasier. Leik er òg ein viktig kultur og tradisjonsformidler
Tilrettelagte aktivitetar Desse aktivitetane kan variere alt etter kva tema me jobbar med. Me kan jobbe i smågrupper eller heile gruppa. Me har språkgrupper, leikegrupper, prosjektgrupper mm	Det kan vera ulike målsettingar ut frå den valgte aktiviteten. Me skal legge til rette for god læring innanfor dei sju fagområda. Det er viktig at dei vaksne set av tid til samtale med borna kvar dag. Dette er god språkstimulering. Dei lærer å stå fram sjølv, og å lytte til dei andre. Dette er òg med på å skape gruppetilhøyre. Turtaking og meistring.
Formingsaktivitetar Dette kan vera både gruppearbeid og individuelle oppgåver. Me vil legge opp til opplegg som er tilpasset barnas modenheitsnivå, med mogleik for eigne val	Her får borna erfaring med ulike teknikkar og materiell. Dei får ein mogleik til å gi uttrykk for tankar og idear. (gi uttrykk for inntrykk). Borna får trene finmotorikk og konsentrasjonstrening. Utvikle skaparglede.
Måltid Organisere måltidet som ei hyggjestund, der alle i barnehagen er samla. Me satsar på eit sundt og variert kosthald, med ein blanding av varmmat og brødmåltid.	Sosial trening og innarbeiding av gode bordvaner, slik som å senda til kvarandre, takka for maten osv Måltidet skal være preget av hyggelig stemning og atmosfære. Begrepslæring.
Av- og påkledning Barna prøver sjølv og får hjelp til det dei ikkje klarar	Barna veks på å klara sjølv. Her lærer dei å ta omsyn til kvarandre.

Uteaktivitetar/turar

Her får borna nytte kroppen aktivt. Borna utvikler god kroppsbeheerskelse. Dei får ein positiv sjølvoppfatting gjennom kroppsleg meistring. Utvikling av fin- og grovmotorikk.

Utvikle glede ved å bruke naturen, til utforsking og kroppslege utfordringar, og få ein forståelse for korleis ein bruker og samtidig tar vare på miljøet og naturen. Borna får og kjennskap til nærmiljøet.



TRADISJONAR OG MERKEDAGAR GJENNOM ÅRET

Eit år i barnehagen består av mange kvardagar. Somme tider bryt me opp kvardagen med ulike aktivitetar. Born og vaksne får noko å glede seg til- førebuingar og forventningar betyr gjerne like mykje som sjølv arrangementet. Me trur òg det er bra for borna å oppleve at ting kjem igjen årvisst. Det er med på å gi dei første begrepa om tid i større samanheng- året- årstidene.

Me har lagt vekt på å markere kulturelle tradisjonar, og å skape oss nokon sjølv. Me skal sjølvstendig prøve å begrense antall festar og gjera det lett å skilje dei frå kvarandre.

Nissefest og nissebesøk:

Kvar avdeling lagar til grautfest, og kanskje kjem nissen på besøk.

Adventskalender og adventsamingar:

I desember har me ei litt annerledes samling enn elles i året. Me tenn lys, syng og fortel juleevangeliet eller andre juleforteljingar.

Karneval:

På dagtid i februar, for alle borna og personalet i barnehagen

Påskelunsj eller påskefrokost:

Påskelunsj er på dagtid for borna i barnehagen og personalet.

Sommarfest:

Denne pleier me å ha i byrjinga av juni. Då inviterer me S – gjeng med foreldre på ein avslutningsfest i barnehagen.

FN veka/besøksdag

I oktober har me FN veka for borna. Her har me fokus på FN sin barnekonvensjon og ulike kulturar.

Bursdagsfeiring:

Me markerer bursdagen til borna i barnehagen. Då heng me opp flagg og lagar krune. Bornet er i fokus i samlingsstunda der me syng bursdagssong og har ulike samlingsaktivitetar.

BESØKSDAG:

Oftei oktober/november. Borna kan invitera med to stk til barnehagen. Då kan borna få vise fram barnehagen sin og besøket får vera med å ete frukt på avdelinga.






Samarbeid

FORELDRERÅD:

Alle foreldre i barnehagen dannar barnehagens foreldreråd. I rådet vert det valt ut ein leiar og ein nestleiar, der desse er representantar for samarbeidsutvalet. Rådet skal kunne vera eit forum der ein kan ta opp saker utan at personalet i barnehagen er med. Ein kan diskutera ting som kan vera lettast å ta opp med andre foreldre. Det er dei valde foreldrerepresentantane som har i oppgåve å gi meldinga vidare til personalet i barnehagen om det er ynskje om det. I tillegg dannar vanlegvis foreldrerådet evt saker til samarbeidsutvalet.



SAMARBEIDSUTVALET:

Består av to foreldre som er valt i foreldrerådet. Desse vert valt på første foreldrerådsmøte. Det er ein leiar og ein nestleiar. Resten av samarbeidsvalet består av ein sekretæt(styraren i barnehagen), to frå personalet i barnehagen og ein politikar. Samarbeidsutvalet sine oppgåver er bl.a å godkjenne årsplanen og ivareta samarbeidet mellom heim og barnehage.

SAMARBEID MED FORELDRE:

Me ynskjer å få til eit best mogleg samarbeid med dei enkelte foreldre/foresatt. Me ynskjer ein atmosfære av tillit og openhet som kan føre til at barnet får det godt i barnehagen. Gjensidig kontakt og informasjon er viktig. Dette vil me få til ved å ha dagleg kontakt ved levering og henting. Me skal ha foreldremøter 2 gonger kvart barnehageår. Eit på hausten og eit på våren. Foreldre får tilbod om to foreldresamtalar iløpet av barnehageåret. Me skal og samarbeida om turar og arrangementar. Mykid er eit viktig reiskap her i barnehagen. Informasjon frå barnehagen vil bli gitt ut på mykid.


Barnehagen og heimen har eit felles ansvar for at bornet skal trivast og utvikle seg. Målet er at barnehage og foreldre skal etablera eit forhold basert på tillit og åpenhet. For å få til dette er kommunikasjon viktig. Me har fleire arenaer der me møtest og kan sikre kommunikasjon:

Me har:

- Oppstartsamtar
- Garderoben ved henting og levering
- Foreldresamtalar
- Foreldremøter
- Samarbeidsutvalg
- Ulike arrangement


SAMARBEID MED ANDRE:

I kommunen har me eit oppvekstteam. Det er eit samarbeid av førebyggjande art saman med barnehageleiar, PPT, helsesjukepleiar og barnevern . PPT er inne i barnehagen ein dag kvar månad og helsesjukepleiaren er inne to dagar i halvåret. Dei er med å hjelpe og veilede både oss personalet og foreldre i saker som me synest er utfordrande. Andre instansar me samarbeidar med er logoped, fysioterapeut, helsestasjon, barnevern og sosialkontor.



Årshjul; Sandeid barnehage 2024/2025


MÅNAD	DATO	AKTIVITET
August	15. torsdag	Planleggingsdag
	16. fredag	Oppstart nytt barnehageår
September	9. – 13. (måndag – fredag)	Førstehjelpsveke
	16 -20. (måndag – fredag)	Brannvernveke
	Veke 39	Foreldremøte storbarn/småbarn
Oktober	Veke 40	Oppstartsamtaler for «nye»barn
	07. – 11 (måndag – fredag)	Haustferie på skulen
	Veke 43	FN veka
November	8.(fredag	Planleggingsdag. Bhg stengt
	Veke 47	Valgfri foreldresamtaler for dei yngste
	21. torsdag	Besøksdag
	Veke 48	Foreldresamtaler for S – gjengen og 2021 borna
	Fredag 29.	Lysfest
Desember	13. Fredag	S – gjengen går lucia i bhg
	17 tysdag	Nissefest på avdelingane
Januar	20.måndag	Planleggingsdag. Bhg stengt
Februar	06. torsdag	Samenes nasjonaldag
	14.fredag	Karneval
	Veke 9	Vinterferie på skulen
	28. Fredag	Fastelaven
Mars	11. tysdag	Barnehagedagen: tema kjem
	Veke 12 og 13	Foreldresamtaler
April	10. torsdag	Påskelunsj for borna
	16. onsdag	Barnehagen stenger 12.00
mai	01, og 29.	Barnehagen stengt
	Kvar torsdag i mai og juni (til skuleslutt)	Tilvenningsdagar til stor avdeling
	16. fredag	aktivitetsdag



Juni	Dato kjem	Avslutningsfest S – gjengen. Foreldre kan komme frå 18.30 – 19.00
Juli	Veke 29 og 30	Bhg stengt
August	14. torsdag	Planleggingsdag. Bhg stengt


PLANLEGGING

Me planlegg drifta vår etter Lov om barnehagar, rammeplan, kommunale vedtekter, kommunale og interne satsingsområde, samt eigen årsplan for barnehagen. Det er barnehagen sitt samarbeidsutval som godkjenner årsplanen. Ut frå årsplanen lagar me månadsplanar for avdelingane. Det er personalet som planlegg, men me legg til rette for innspel frå foreldra samt kva barnegruppa og enkeltbarnet er opptekne av.




Fagområda i rammeplanen: For å lette planlegginga av eit variert, allsidig pedagogisk tilbod i barnehagen, er innhaldet delt i sju sentrale fagområder for oppleving, utforsking og læring. Desse områda vil borna seinare møte i skulen. Gode opplevingar, erfaringar og læring innafra desse områda i barnehagen kan gi borna eit positivt forhold til faga og motivasjon til å lære meir.

KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE Borna skal få ein positiv sjølvoppfatning gjennom kroppsleg bevegelsesglede, meistring, matglede, matkultur og bevegelse. Gode vanar og handlingsmønstre er med på at barna opplev mentalt, sosialt, fysisk og psykisk velvære. Borna skal få mogleik til å gjere seg gode erfaringer med varierte og allsidige bevegelsar og utfordringar for å utvikle god kroppsbehersking, både grov og finmotorisk. Tiltak: •Me legg til rette for eit sundt og variert kosthold samt at måltida og matlaging er ein arena for samtalar, glede, deltaking og medverknad til fellesskap. Me oppfordrar borna til å smake på nye ting. •Me legg opp til varierte aktivitetar og utfordringar for borna både ute og inne. Bruk av gymsal og nærmiljø.	NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI Borna skal få oppleve naturen sitt mangfold av opplevingar og aktivitetar. Borna skal få verte kjent med og få forståing for planter og dyr, landskap , årstider og vær. Borna skal få oppleve gleden ved å ferdast i naturen og få innsikt i natur, miljøvern og samspel i naturen. Borna skal få erfaringar og kunnskap om dyr, vekster og bærekraftig utvikling. Dei skal òg få erfare korleis teknikk kan brukast i leiken og kvardagslivet. Personalet må ta utgangspunkt i borna sin nysgjerrighet, interesser, og føresetnadar og stimulere dei til å oppleve med alle sansane, iaktta og undre seg over fenomenar og teknologi. Tiltak: •Me bruker naturen rundt oss. •Går på oppdagelsesferd ute. •Me pratar med borna om det me ser og opplev •Introduserer dyr gjennom eventyr •Me pratar om været og kjenner på været. •Me har eigen værmelding som syner været i dag. •Barna møter tekniske hjelpemiddel på avdelingene som datamaskin, skriver, Ipad •Brukar naturmateriale i formingsaktivitetar	ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI Borna skal tileigna seg samfunnet sine grunnleggjande normer og verdiar. Dei skal utvikla toleranse og respekt for kvarandre på tross av ulik kultur, religion og livssyn. Tiltak: •Undring gjennom filosofiske samtalar. •Læra om andre kulturar •Markering av høgtider •Påskevandring og julevandring i kyrkja •Arbeid med sosial kompetanse
--	--	--



ANTALL, ROM OG FORM Stimulere interesse og legge til rette for læring av tall og teljing, erfare og lære nye begrep gjennom utforsking av rom og former for på den måten å utvikle grunnleggjande, matematisk kompetanse. Tiltak: •Teljereglar og talleiker •Konstruksjonsleik •Matgrupper. Mål, vekt og volum. •Bruke kropp og sansar i utforsking av rom, ute og inne.	NÆRMILJØ OG SAMFUNN Kunnskap og tilknytning til nærmiljøet. Me skal verte kjent med bygda me bur i. Kunnskap om andre kulturar, land og væremåtar. Tiltak: •Gå på tur i nærmiljøet •Besøke bedrifter i bygda vår •Markering av FN dagen •Markering av Samefolkets dag.	KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST Oppleve varierte og rike erfaringer i eit språkstimulerande miljø, som grunnlag for å utvikla eit rikt språk og for å kunne forstå ulike begrep i kvardagen og for å leggje grunnlag for den fyrste lese-og skriveopplæringa. Tiltak •Samtale om opplevingar, tankar og kjensler. •Skape leselest og leseglede. •Skriftlege og muntlege forteljingar, poesi, dikt, rim, regler og sanger. •Språkgrupper •Lesegrupper •Snakkepakken og språksprell	KUNST, KULTUR OG KREATIVITET Oppleve kunst og kultur og til sjølv å kunne uttrykke seg estetisk. Å være sammen om kulturelle opplevingar, gjera og skapa noko felles. Få erfaring med ulike materiale, teknikkar og former for kunstuttrykk. Tiltak: •Forming, leik ,drama og musikk. •Arbeid med ulike formingsmateriell •Ulike former drama i samling og aktivitetar, handdukker, skyggeteater ol •Møte eit mangfold av kulturelle uttrykksformer. •Stolthet over eigen kulturell tilhørighet.
--	--	---	---





BARNES MEDVERKNAD

”Barn har rett til å uttrykke seg og få innflytelse på alle sider ved sitt liv i barnehagen. Kor omfattande medverknaden er, og korleis retten til medverknad praktiserast, vil være avhengig av barns alder og funksjonsnivå. ” Rammeplanen s. 13

Å ha medverknad betyr ikkje at du får lov til å gjera akkurat som du vil, men at ein f.eks får komme med forslag til korleis me kan gjennomføre ulike aktivitetar, kor me skal gå på tur, kva me treng av utstyr i dei forskjellige leikekrokane våre. For dei aller minste som ikkje har språk handlar det om å bli sett og anerkjent når man er svolt, trøtt, trist, glad, sint, redd, mett, osv. Her er det veldig viktig at dei vaksne er flinke til å observere barnas kroppsspråk og følelsesuttrykk, sånn at dei kan fange opp signaler frå borna på kva dei ynskjer å fortelje oss. Hjå dei store barna er språket godt utvikla og her kan ein lettare fange opp barns ynske og behov når det gjeld medverknad. Barnemøte er eit eksempel på korleis ein kan jobbe med borns medverknad. I barnemøte kan barna komme med forslag til aktiviteter de har lyst at avdelinga skal gjennomføre. For eksempel tur til bondegård eller politistasjonen, pyjamasfest, lage ny bilkrok, fjelltur osv.


INNHALDET I BARNEHAGEN

Omsorg og oppseding

Alt me gjer i barnehagen skal pregast av omsorg. Ein omsorgsfull relasjon er prega av nærleik, evne til å lytta, innleving og evne og vilje til samspel. Barn syner ofte omsorg ved å opptre inkluderande, vera empatisk og ved å hjelpa andre barn. Dei vaksne syner omsorg ved å leggja til rette for ein trygg, morosam, lærerik og inkluderande kvardag på avdelinga. Det ligg mykje omsorg i å gi barn varierte utfordringar og rom for meningsfylte aktiviteter.

Sosial kompetanse

Dette vil sei at borna skal lære seg å vera saman på gode måtar. I barnehagen er det unike vilkår for å tileigna seg sosial kompetanse i samspel med andre. Her er mange barn samla, og difor vert det stilt større krav til å ha kunnskap, ferdigheiter og motivasjon for å kunna vera saman på ein god måte.





Leik og læring - to sider av same sak...


Barn er gode på å leike. Dei har høg kompetanse og eit voldsomt engasjement til leik. Det er ein heildagsjobb å leike. Leiken har stor eigenverdi, den utviklar og endrar seg i takt med barnet sin alder og modningsnivå. Stadig er det ny læring medan dei leiker. I leiken utforsker, samtalar og bearbeidar barn inntrykk frå kvardagen, og skaffer seg kunnskap og innsikt. Læring skjer på ulike arenaer gjennom heile livet. Hå barn er det dagleg læring gjennom samspel med andre menneske, gjennom leik, oppdragelse og omsorg gjennom oppleving og erfaring. Barnehagen ynskjer å bruke borna sine interesser og spørsmål som utgangspunkt for læringsprosessar og tema i barnehagen. Den voksnes oppgave blir å støtte, inspirere og oppmuntre borna til leik og dermed gi eti godt grunnlag for livslang læring. Den voksne skal være aktiv i både dei formelle og uformelle læringssituasjonene. Personalet vil dele av sin kunnskap og vise engasjement

DOKUMENTASJON/VURDERING

Me dokumenterer gjennom observasjonar, bilete og praksishistoriar som synleggjer vårt pedagogiske arbeid. Me oppfordrar alle til å følge med på my kid. Det blir lagt ut månadsplanar kvar månad. Der står det kva avdelingen har fokus på den neste månaden. Det står og ein oppsummering om månaden som var, om kossen den var. Gjennom å dokumentere kva me faktisk har gjort, håper me at foreldre som har borna sine i Sandeid barnehage kan bli trygge på at borna har det godt, og at dei blir gitt de utviklingsmuligheiter som rammeplan for barnehagen skisserer.

Ulike måtar me dokumenterer på:

- «Tras», «Alle med», og «Askeladden» gir dokumentasjon av borna si læring og utvikling
- Praksishistoriar
- Bilete
- Utstillingar på avdeling





I barnehageåret 2024/2025 har Sandeid barnehage valgt seg eit eige område for systemastisk vurdering. Me vil sjå på kossen personalet støttar og rettleiar borna sånn at alle kan delta i leik, samspel og kvardagsaktivitetar, i uteleiken. Utetida kan ver ei tid der det er mindre vaksne ute, pga pauseavvikling, møtevirksomhet osb. Det er derfor viktig at me vaksne utnyttar tida og ressursane me har på ein best mogleg måte. Dette vil vere fokuset vårt i det komande barnehageåret.

SPRÅKLEG KOMPETANSE

Førskuleborn treng dagar som er «krydra» med språket. Me set ord på bornet sine handlingar og kjensler, gjentar det dei seier frå dei er små, lyttar til dei og ser kva dei prøver å formidle, òg utan ord. Det er viktig å sette av tid til samtale med borna kvar dag. Dette er god språkstimulering, og borna lærer seg å snakke og syne seg sjølv i gruppa. Dei lærer seg å lytte til andre, og det er med på å skape gruppetilhøyrighet.

BARNEHAGEN SOM KULTURARENA

Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns eigen kulturskaping og bidra til at alle born får oppleve glede og mestring i eit sosialt og kulturelt fellesskap.


Kultur handlar om arv og tradisjonar, om å skapa og gjera levande. Barnehagen har ei viktig rolle som arena for utvikling av kulturell identitet. Barnekultur er kultur av med og for born! I samvær med andre born ligg alt godt til rette for at barnekulturen skal blomstra og veksa. Personalet formidlar kulturen gjennom bøker, litteratur, song og musikk og kreativ verksemd, og legg til rette for at born får møte den lokale kulturen.

Kultur er òg det barn møter via media.

Born har 100 språk. Viktig å la borna få bruka alle, dei må få gi uttrykk for sine inntrykk.

LIKESTILLING I BARNEHAGEN

Likestilling mellom kjønna skal gjenspeilast i barnehagen sin pedagogikk. Barnehagen skal oppdra born til å møte og skapa eit likestilt samfunn. Både gutar og jenter skal verta sett og høyrte, og dei skal verta oppmuntra til å delta felles i alle aktivitetar i barnehagen. Det fysiske miljøet skal vektleggjast med å ha varierte og gode leikekrokar. Personalet skal reflektera over sine eigne haldningar og forventningar til jenter og gutar.



Overgang barnehage/ skule

Samarbeid mellom institusjonane kan skape heilskap og samanheng for barnet i overgangen. Samarbeidet mellom barnehage og skule omfattar både tida før, under og etter barnet sluttar i barnehagen og startar på skulen. Vindafjord kommune har utarbeida ein eigen plan for 6-åringane sin overgang til skulen. Denne gir informasjon om rutinar: innskrivingskjema, overgangsamtale mellom skule og barnehage og førskuledag m/foreldremøte i slutten av mai. Denne planen ligg på heimesida til kommunen. Sandeid barnehage har også sin eigen plan for overgangen barnehage til skule. Denne planen har utgangspunkt frå rammeplanen og vindafjord kommune sin plan. Denne blir lagt ut på mykid og sendt til dei eldste barna, kvart år.





VINDAFJORD KOMMUNE

